

# SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar: Runar Hatlevoll  
Arkivsaksnr.: 20/1741

Arkiv: 223 K46

---

## **Søknad om tilskot til hjortegjerde for gbnr. 3/3**

### **Rådmannen si tilråding:**

I medhald av det kommunale viltfondet § 5a, får Jan Norvald Steig utbetalt tilskot tilsvarande 75 % av godkjent materialkostnad. Maksimalt utbetaling er inntil 75 kr pr. m gjerde, portar inkludert. Tilskotet blir utbetalt i etterkant på grunnlag av framlagd dokumentasjon og sluttsynfaring. Den samla prosjektramma er på 116 490 kr, og øvre ramme tilskot blir på kr 86 250.

Med tilskotet fylgjer desse vilkår for hjortegjerdet:

- Gjerde skal ha ei høgd på minimum 1,90 m. Dersom det vert nytta to høgder med husdyrnetting må desse festast saman til dømes ved hjelp av streng
- Det er krav om topp og undertråd. All streng, tråd og kramper skal vera galvaniserte
- Stolpe av tre skal vera trykkimpregnerte og minimum 8 cm i dimensjon
- Stolpeavstanden skal ikkje vera vesentleg meir enn to meter, med mindre ein brukar kraftige typar viltnetting som tåler hardt strekk utan å verta deformert. Ved bruk av slik viltnetting kan ein ha ein stolpeavstand på 3-6 meter under føresetnad at hjørne, knekkpunkt og portstolpar vert dimensjonerte for å tåla større påkjenningar.

## Saksutgreiing:

### Uprenta vedlegg:

- Kart
- E-postar

### Samandrag:

Jan Norvald Steig har i mange år plages med store mengder hjort på slåttemarka. Dette har medført stort avlingstap. I vår melder han om opp til 20-30 hjort på innmarka. Han melder også om store tap på haustavlivinga. Her vil det derfor vera naudsynt å få sett opp hjortegjerde for å begrensa beiteskadane i åra framover.

### Utval som har vedtaksmynde:

Formannskapet og næringsutvalet

Mynde til utvalet er gjeve i fylgjande lov, forskrift eller delegeringsmynde:

Forskrift om kommunal og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort, FOR-2011-05-15-537

### Fakta:

Søkjjar: Jan Norvald Steig

Relevant Lovverk: Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort, FOR-2011-05-15-537

Jan Norvald Steig har i mange år plages med store mengder hjort på slåttemarka. Dette har medført stort avlingstap. I vår melder han om opp til 20-30 hjort på innmarka. Han melder også om store tap på haustavlivinga. Hjorten har i mange år stoppa i lengre i periodar på vår og haustbeite på garden.

Miljørettsprinsippa jf. Naturmangfaldlova §§ 8-12 kjem ikkje til bruk i denne saka.

### Vurdering og utrekning:

Ved så store hjortemengder vert det vanskeleg å stoppe avlivingstapet ved å ta ut skadeløyve eller auke uttaket ved jakt. Hjortane har nok opparbeida seg eit fast trekkmonster ved å stoppe i dette området. Her vil det derfor vera naudsynt å få sett opp hjortegjerde for å begrensa beiteskadane i åra framover.

Luster kommune yter tilskot til oppsett av hjortegjerde i samsvar med §5 i forskrifta etter desse lokale retningslinjene:

- For gjerde av flettverk vert det utbetalt tilskot tilsvarende 75 % av godkjent materialkostnad inntil 75 kr i tilskot pr. m gjerde, portar inkludert. Det vert ikkje ytt tilskot til vedlikehald av eksisterande hjortegjerde.
- For element-gjerde til inngjerding av rundballelager og liknande vert det ytt tilskot tilsvarende 50 % av materialkostnad for godkjent typar element.

Prosjektramme/materialkostnad: 116 490 kr

Budsjettert tilskot: 75kr \* 1150 m=86 250 kr

Dato: 03.06.20

Jarle Skartun  
rådmann

Magnus Snøtun  
Fagleiar landbruk

---

Særutskrift skal sendast:  
m/kopi til:

